

Oppgradering av skulekjøkken på Vågåmo ungdomsskule

Det blir med dette utlyst totalentreprise på oppgradering av skulekjøkkenet på Vågåmo ungdomsskule

Eigedom: Vågåmo ungdomsskule
Vågå Kommune

Byggherre: Vågå Kommune.
Edv. Stormsveg 2
2680 Vågå

Om prosjektet:

Prosjektet vil bli koordinert og følgt opp av byggherre og inneheld følgjande arbeid:

- Riving av eksisterande kjøkkeninnreiing og lettvegg
- Avretting av golv, montering av nytt golvbelegg
- montering av lettvegg og av ny innreiing som beskrive.

Tidsskjema:

- Oppstart 21.juni (siste skuledag før ferie)
- Ferdig 20.august (første skuledag etter ferie)

Synfaring av skulekjøkken vil bli utført måndag 26.mars kl 10.00.

Anbefalar alle interessentar om og delta på denne.

Beskrivelse og kravspesifikasjon:

Beskriving av eksisterande innreiing som skal rivast

- All fast innreiing skal rivast og deponerast ihht gjeldande forskrifter.
- Avløpsrør og vassstilførsel til vaskekumner, oppvaskemaskiner og vaskemaksin skal skiftast ut fram til hovudstamme/ stigerøyr ved yttervegg.
- Blandebatteri og vaskekummar som er i god stand skal takast vare på. Vaktmeister merkar utstyr som skal takast vare på.
- Skillevegg mellom kjøkken og frys/ vaskerom skal demonterast.
- Halvvegg mellom stasjon B og C kan demonterast dersom dette er nadsynt (eventuelt berre demontere kledning). Vegg er i hovudsak føringsveg for røyr.
- ”kasse” med vask på ved sida av tavle fjernast.
- Golvbelegg (belegg og beleggingsfliser) fjernast. OBS! det er registrert asbest i lim under beleggingsfliser, så dette må sanerast ihht forskrift om asbest. Vedlagt ligger rapport ang asbest.

Golv/ golvbelegg

- Golvet har en del ujammheiter så det er ynskjelig og få rette dette av med flyteparkel el.l.
- På frys/ vaskerom er det sluk i golv og her må det lagast fall til sluk (tyntflytande påstøyp el.l) før belegg.
- Ny overflate på golv skal være av vinylbellegg (homogent) med god kvalitet med lite fyllstoff. (Maks 15-20% fyllstoff), og det må tåle sprit og desinfeksjonsmiddel. Lys farge med struktur.

Tømrararbeid

- Halvvegg /plating av halvvegg mellom stasjon B og C
- Ny vegg mellom kjøkken og frys/ vaskerom med 3 stk vindaug ca 10x12M og glassdør 10x21M
- Innreiing på endevegg mot nord skal trekkast fram ca 100mm for og gjera plass til røyrføringar
- Nye veggplater og hyller i kjølerom og nye hyller i lager. Lys glatt overflate

Kjøkkeninnreiing

- Kvalitet og slitestyrke på innreiing vil bli vektlagt av byggherre. Lys farge.
- Plassering og utforming er vist på teikningar og beskriving. Dersom leverandør ikkje har skap/ seksjonar som beskrive, ynskjer byggherre forslag på alternativ løysing.
- Benkeplater skal være av høytrykkslaminat el. tilsvarande der som det ikkje er krav om varmebestandigheit. Sjå teikning og beskriving.
- Høgde på topp benkeplater skal være 87cm.
- På "kjøkken-øyer" skal benkeplatene ha 10cm overheng mot vindaug.(benkeplate 52,53,59 og 60)
- Kjøkkenseksjon for lærar er ynskt som to seksjonar på 120cm med hjul. Det er også ynskjeleg med integrert induksjonstopp over seksjon 36.
- Benkeplate ved endevegg (over seksjon 1-7) må vere 70cm brei sidan skap må trekkast ut ca 10cm frå vegg. Sjå beskriving av benkeplater
- Komfyrar som er innteikna på arbeidsstasjonar er eksisterande komfyrar (ikkje innebyggde) som skal nyttast vidare.
- Det må monterast "dekksider" til golv på alle endar som blir synlege.
- Det må takast med levering 2 stk oppvaskemaskiner av industritype
- Over varmebestandige benkeplater må det monterast "sprutsikring" i fuktbestandig materiale frå benkeplate og min 20cm opp på vegg.

Røyrleggararbeid

- Montering av nye avløpsrør til nye vaskar, oppvaskemaskiner og vaskemaskin
- Monteringa av naudsynt vasstilsførsel til blandebatteri, vaskemaskin og oppvaskemaskiner (med aqua-stop)

Malerarbeid

- Veggjar skal malast i lys farge

Regningsarbeid kan forekomme og entreprenør må oppgje timepris og påslagsprosent for slike arbeider.